

Årdal kommune

Vurdering av alternativ for plassering av miljøstasjon

Bakgrunn

I kommunestyret den 03.11.2022 (sak 049/22) vart det vedteke at Årdal skal bli fullverdig medlem av SIMAS IKS, og at det i regi av SIMAS IKS skal etablerast ein miljøstasjon som oppfyller framtidige relevante krav til sortering av avfall i Årdal kommune. I samband med dette har ein prosjektgruppe, beståande av representantar frå Årdal kommune og SIMAS IKS, jobba med valet av plassering for ny miljøstasjon.

I møte den 10.02.23 presenterte kommunen 9 ulike lokalitetar som kunne vurderast for etablering av miljøstasjon i Årdal (Del 1). Prosjektgruppa gjekk gjennom lokalitetane og var einige om at 2 av dei ikkje var godt nok eigna og kunne utelukkas. Deretter vart det gjennomført synfaring på dei gjenværande 7 lokalitetane, og ein vart samde om å arbeide vidare 3 lokalitetar som blei vurdert som mest aktuelle. Årdal kommune gjorde ei meir grundig vurdering av desse 3 lokalitetane (Del 2). Deretter konkluderte Årdal kommune og SIMAS IKS med at ei lokasjon mellom Hydro og fv. 53 like utanfor Finnsåstunnelen («Finnsåstomta») er det beste alternativet for etablering av miljøstasjon. Vurderingar knytt til de ulike lokalitetene vert presenterte vidare i notatet, med ei konklusjon som oppsummerer kva som gjer Finnsåstomta best eigna og utfordringar ved lokasjonen som skal ivaretakast i det vidare planleggingsarbeidet.


Mål for vurderingen

Målet for arbeidet har vore å kome fram til det best eigna området for etablering av ny miljøstasjon. Viktige moment som er vektlagt i vurderinga av eignaheit er infrastruktur, forureining, støy, trafiksikkerheit og beredskap, naturmangfald, miljø, kulturverdiar og naturfarar. Det valde alternativet skal i størst mogleg grad unngå problemsoner, samtidig som omsynet til samfunnsmessig god arealbruk vert vektlagt. Ein problemsone er eit område med tilgrensande sideareal der eitt eller fleire av gitte miljøkrav, til dømes naturmangfald, landskapsbilete, kulturverdiar eller nærmiljø, ikkje er tilfredsstilt

Vurderte alternativ



Del 1.

Tabellen viser dei 9 lokalitetane som først vart vurderte og presenterte for prosjektgruppa. Etter synfaring vart prosjektgruppa einige om å gå vidare med alternativa Finnsåstomta, Utladalsvegen 18 og Saltviki. Disse areala har betre føresetnader for tilknytning til infrastruktur og er i stor grad allerede opparbeidde. Dei vert vurderte til å totalt sett i større grad enn dei andre alternativa unngå problemsoner og utfordringar knytte til mellom anna naturmangfald, nærmiljø, friluftsliv, tilgjenge, tomtestorleik og naturfarar.

Plassering	Areal (ca.)	Gnr./Bnr.	Planstatus	Andre opplysingar	Kart
Utladalsvegen 18	7500 m ²	11/94	Regulert til industri i reguleringsplan frå 1988	Heile området er flaumutsett – det er behov for flaumkartlegging og grunnundersøkingar. Arealet er opparbeidd, med gode føresetnader for tilknytning til naudsynt infrastruktur. Bustadområde ligg i nærleiken. Området er nokså perifert plassert.	

<p>Utladalsvegen 19 (Lykkja)</p>	<p>23000 m²</p>	<p>11/98</p>	<p>Avsett til industri i kommuneplan</p>	<p>Grensar til Lykkja naturreservat. Det er behov for naturmangfaldkartlegging. Heile arealet er flaumutsett. Behov for skredfarekartlegging og grunnundersøkingar. Området ligg nokså perifert plassert.</p>	
<p>Dalsurdi</p>	<p>13000 m²</p>	<p>16/352</p>	<p>Avsett til LNF i kommuneplan</p>	<p>Tidlegare avfallsdeponi. Pålegg om karantene frå Miljødirektoratet. Det er høgst sannsynleg forureina grunn, og området er skredutsett. Behov for grunnundersøkingar. Utfordrande med tanke på tilknytning til naudsynt infrastruktur. Området ligg nokså perifert plassert.</p>	

<p>Temrebakkane</p>	<p>5000 m²</p>		<p>Avsett til LNF i kommuneplan</p>	<p>Store nivåforskjellar i terrenget. Det går høgspentlinje i nærleiken. Behov for skredfarekartlegging og grunnundersøkingar. Utfordrande med tanke på tilknytning til naudsynt infrastruktur. Området ligg nokså perifert plassert.</p>	<p>Omkrrets: 0,0 m Areal: 0,0 m² Klikk for å starte polygon</p> <p>Omkrrets: 281,1 m Areal: 5 485,7 m²</p> <p>54,2 m, 42,1 m, 19,9 m, 18,3 m, 30,8 m, 29,2 m, 13,1 m, 5 m</p> <p>Tjinosvegen, Moa, Temrebakkane</p>
<p>Parkeringsplass Ytre Moa</p>	<p>7500 m²</p>	<p>9/5, 9/12, 9/13</p>	<p>Regulert til parkering og kulturminnevern</p>	<p>Utfylling etter kraftutbygging. Ligg i mykje brukt turområde. Behov for naturmangfald- og skredfarekartlegging og grunnundersøkingar. Utfordrande med omsyn til tilknytning til naudsynt infrastruktur.</p>	<p>Omkrrets: 0,0 m Areal: 0,0 m² Klikk for å starte polygon</p> <p>Omkrrets: 604,8 m Areal: 7 525,4 m²</p> <p>111,6 m, 82,4 m, 22,3 m, 35,2 m, 32,7 m, 34,4 m, 24,7 m, 14,2 m, 107,5 m, 18,9 m, 11,0 m</p> <p>Leirdalen, Moa, Åreholta</p>

<p>Naustbukti</p>	<p>8500 m2</p>	<p>9/1</p>	<p>Regulert til bustad, park, turveg, sikringssone flodbølge</p>	<p>Har vore nytta til areal for brakkerigg i samband med samferdsleprosjekt. Behov for naturmangfald, flaum- og skredfarekartlegging og grunnundersøkingar. Ligg tett opptil bustadfelt.</p>	
<p>Loi</p>	<p>13000 m2</p>	<p>0/0</p>	<p>Regulert til lagring av massar</p>	<p>Areal innanfor regulert område er mindre enn 5-10 daa. Nord for regulert areal går ei leirravine, og området bærer preg av kulturlandskap med fleire SEFRAK-registrerte bygg. Det er registrert fleire raudlista arter i nærleiken. Det går ei 22kV og ei 132kV linje gjennom området med omsynssoner som må ivaretaast. Området er skredutsett. Behov for flaumfarekartlegging, naturmangfaldkartlegging og grunnundersøkingar.</p>	

<p>Finnsås</p>	<p>13000 m2</p>	<p>6/404</p>	<p>Regulert til lettare industri, bustad og kontor</p>	<p>Opparbeida, flatt areal bestående av stein og fyllmassar. Deler av området er skredutsett. Høgspenlinje går i nærleiken. Behov for grunnundersøkingar. Grensar til Hydro sin industriverksemd, og det ligg eit bustadfelt ca. 150 m nord-aust for området.</p>	
<p>Saltviki</p>	<p>5500 m2</p>	<p>27/275</p>	<p>Regulert til industri</p>	<p>Delar av området er skredutsett. Ligg tett opptil fjorden, i nærleik til Årdalstangen sentrum og bustadområde. Plasseringa vil medføre tungtransport gjennom Årdalstangen sentrum. Behov for flaum- og skredfarekartlegging og grunnundersøkingar.</p>	

Del 2.

Årdal kommune og SIMAS IKS har gjort ei nærare vurdering av dei tre lokasjonane prosjektgruppa vurderte som mest aktuelle etter synfaring. Det vart konkludert med at ein ynskjer å gå vidare med «Finnsåstomta» som det best eigna alternativet. I tabellane under er informasjon om og vurdering av alternativa lista opp.

Dei tre lokasjonane har nokre fellestrekk. Alle areala er opparbeidde/utbygde, utan registrerte natur- eller kulturminnekvaitetar, og har gode føresetnader for tilknytning til eksisterande infrastruktur som veg og energitilgang. «Finnsåstomta» har noko dårlegare føresetnader for tilknytning til vatn og avløp enn dei andre alternativa. Mogelege utfordringar knytt til støy/lukt gjer seg også gjeldande for alle alternativa. «Finnsåstomta» skil seg positivt ut då det er ei større tomt med betre føresetnader for enkel etablering (ingen bygg/hindringar), og har mindre utfordringar knytte til naturfarar (ikkje flaumfare). I tillegg ser ein at Finnsåstomta kan vere eit betre alternativ i høve til miljømessig, økonomisk og sosial berekraft, då ein unngår køyring med tungtransport gjennom tettstad/sentrumsområde, og får redusert køyreavstand til SIMAS IKS sitt hovudanlegg i Festingdalen.

Finnsås

Skildring av området	Tomta er lokalisert mellom fv. 53 og Hydro. Ca. 150 m nordaust for området ligg eit bustadfelt. Arealet grensar til kraftanlegg i nord og til elva Geisdøla i sør. Arealet er i hovudsak flatt og opparbeida, beståande av fyllmassar frå tunnelarbeid.
Infrastruktur	I aust er området avgrensa av fylkesveg 53 som er hovudtilkomsten til/frå Årdal med ÅDT (2022) på 1000 med del tunge/lange køyretøy på 15%. Skilta fart forbi området er 50 km/t. Tomta er ikkje tilknytt offentleg vassforsyning og avlaup. Gode forutsetningar for energitilgang, området grensar til høgspenning.
Forureining	Det er ikkje registrert forureining innanfor området. Ein kan ikkje utelukka at det er forureina massar i grunnen.
Støy	Støykartet til vegstyresmaktene syner at areala som er lokalisert nærmast fylkesveg 53 er lokalisert innanfor gul støysone. Ein kan ikkje utelukka at tiltaket vil føre til noko støyulempar for nærliggande område.
Beredskap	Området er lokalisert inn til veg der det vert transportert farleg gods, og grensar til nærings/industriverksemdar på Årdalstangen. Som ein del av produksjonen vert det lagra og nytta stoff som medfører fare for brann og eksplosjon. Verksemda har eiga risikoanalyse og driv kontinuerleg arbeid for å handtere tryggleiken. Omsyn til storulykkesverksemd må ha særskilt fokus i vidare planarbeid.
Naturmangfald	Det ligg ikkje føre informasjon om naturkvalitetar på staden. Området er flatt og opparbeida, med begrensa vegetasjon.
Skredfare	NVE har gjort ei skredfarevurdering av utvalde områder i Årdal i 2023. Arealet ligg i følgje rapporten delvis innanfor område med årleg sannsyn for skred $\geq 1/5000$ og $1/1000$ (heilt i sør). Ei førebels vurdering av tiltaket er at det kjem inn under sikkerheitsklasse S1 for sjølve miljøstasjonen og S2 for kontor/område for lagring av farleg avfall. Tiltaket kan i henhold til skredfarevurdering byggast på trygg grunn i høve skred.
Flaumfare	Tomta er lokalisert utanfor område utsett for flaumfare. Kapasitet på stikkrenner/kulvert under fv. 53 frå Geisdøla må kontrollerast.
Kvikkleire	Området ligg under marin grense og det er naudsynt med grunnundersøkingar.
Kulturverdiar/kulturminne	Det ligg ikkje føre informasjon om kulturverdiar eller kulturminne på staden.
Oppsummering:	Arealet er stort og ligg godt til rette for at dei planlagde funksjonane kan etablerast. Arealet ligg lett tilgjengeleg frå hovudvegen. Grunntilhøva må avklarast nærmare. Det er fordelaktig at det er ein stor, enkelt utforma tomt utan andre bygningsmassar eller hindringar. Plasseringa er god med omsyn til at ein unngår tungtransport gjennom tettstad/sentrumsområde, samt at plasseringa gir kortast veg til hovudanlegg i Festingdalen, som årleg vil spare mykje køyredistanse med tungtransport. Støy/lukt og omsynet til forureining er føresett ivareteke gjennom vidare planlegging og detaljprosjektering.

Utladalsvegen 18

Skildring av området	Tomta er lokalisert aust for eksisterande sorteringsanlegg (Sunde Resirk AS) i Utladalen. 100 meter aust for området ligg det eit bustadfelt, og omkring arealet ligg det andre bedrifter. Omtrent 100 meter nord for området går elva Utlå.
Infrastruktur	I vest og sør er området avgrensa av fylkesveg 5631 med ÅDT (2020) på 600 med del tunge/lange køyretøy på 10%. Skilta fart forbi området er 60 km/t. Tomta har gode forutsetningar for tilknytning til vann og avlaup og energi.
Forureining	Det er ikkje registrert forureina grunn på tomta men ein kan ikkje utelukka dette. Nabotomta (Sunde Resirk AS) ligg innanfor område med grunnforureining.
Støy	Ein kan ikkje utelukka at tiltaket vil føre til noko støyulempar for nærliggande område. Eksisterande sorteringsanlegg har fått klagar på støy og støv frå naboar
Beredskap	Det ligg ikkje føre informasjon om utfordringar knytte til beredskap for tomta i DSB sine offentlege kartdata.
Naturmangfald	Det ligg ikkje føre informasjon om naturkvalitetar på staden. Mesteparten av arealet er opparbeida, utbygga og flatt, med lite vegetasjon.
Skredfare	NVE har gjort ei skredfarevurdering av utvalde område i Årdal. Arealet ligg ifølgje rapporten delvis innanfor område med årleg sannsyn for skred >1/5000. Ei førebels vurdering av tiltaket er at det kjem inn under sikkerheitsklasse S2. Tiltaket kan i henhold til skredfarekartlegginga byggast på trygg grunn i høve skred.
Flaumfare	Området er kartlagt for flaumfare i 2013. Heile området inngår i flaumfaresone 20 års, 200 års og 1000 års flaum og flaumsikringstiltak vil dermed vere naudsynt.
Kvikkleire	Området ligg under marin grense og det er naudsynt med grunnundersøkingar.
Kulturverdiar/kulturminne	Det ligg ikkje føre informasjon om kulturverdiar eller kulturminne på staden.
Oppsummering:	Arealet ligg til rette for at dei planlagde funksjonane kan etablerast, men det vil måtte gjerast tiltak mot flaum. Arealet ligg lett tilgjengeleg frå fv. 5631, og infrastruktur i form av vatn og avlaup og straum ligg i nærleiken. Grunnundersøkingar er naudsynt. Lokasjonen ligg noko perifert til opp i Utladalen og vil medføre aukt trafikk gjennom tettstad og sentrumsområde, og lang kjøyredistans til hovudanlegg i Festingdalen. Støy og omsynet til forureining er føresett ivareteke gjennom vidare planlegging og detaljprosjektering.

Saltviki

Skildring av området	Området er lokalisert vest for Årdalstangen i retning seimsdalen og grensar i nord til Seimsdalsvegen (fv. 5633). Arealet er opparbeida og utbygga med nærings/industribygg med tilhøyrande djupvasskai. Sør i området går et turdrag med naust langs Årdalsfjorden og elvemunninga til Hæreidselvi. Nord for Seimsdalsvegen er det etablert bustadfelt og Årdalstangen sentrum ligg på motsatt siden av elven.
Infrastruktur	Området er lokalisert langs Seimsdalsvegen, med direkte tilkomst i det nordvestre hjørnet. Seimsdalsvegen har ÅDT (2021) på 1000 og skilta fart 30 km/t. Området fell jamt frå Seimsdalsvegen mot fjorden. Frå området og inn mot sentrum er det etablert fortau. På brua over Hæreidselvi er det dårleg plass for fotgjengarar. Tomta er direkte tilknytt offentleg vassforsyning og avlaup på Årdalstangen.
Forureining	Det ligg ikkje føre informasjon om forureina grunn. Då området over tid har vore nytta som industriområde, kan ein ikkje sjå vekk frå at det kan vere forureining i området.
Støy	Vegstyresmaktene sitt støykart syner at området delvis faller innanfor gul støysone i nordlege deler langs Seimsdalsvegen. Aktiviteten i småbåtham like vest for området utgjør ei mogleg støykjelde som det kan vere behov for å kartleggje. Ein kan ikkje utelukka at tiltaket vil føre til noko støyulempar for nærliggande bustadfelt og sentrumsområde.
Beredskap	Området er lokalisert inn til offentleg veg. Avstanden til dei store næringsverksemdene, gjer at område i avgrensa grad er vurdert som sårbart for hendingar knytt til industrianlegget.
Naturmangfald	Det ligg ikkje føre informasjon om viktige naturkvalitetar på staden. Mesteparten av arealet er opparbeida og utbygga, men det er noko grøntareal på tomta og langs elven/fjorden. På artskart er det registrert Granmeis nord for området (VU – sårbar).
Skredfare	NVE har gjort ei skredfarevurdering av utvalde områder i Årdal. Arealet ligg ifølgje rapporten delvis innanfor område med årleg sannsyn for skred $>1/5000$ og $>1/1000$ (heilt i nord). Ei førebels vurdering av tiltaket er at det kjem inn under sikkerheitsklasse S1 for sjølvne miljøstasjonen og S2 for kontor/område for lagring av farleg avfall. Tiltaket kan i henhold til skredfarekartlegginga byggast på trygg grunn i høve skred.
Flaumfare	Området er kartlagt for flaumfare i 2013. Sørlege deler av området langs fjorden kjem innanfor flaumfarsone for 20, 200 og 1000 årsflaum. 200 års flaum med klimapåslag syner betydeleg auka i flaumfaren på staden. Staden er også i begrensa omfang utsett for stormflo. Sikringstiltak vil vere naudsynt.
Kvikkleire	Området ligg under marin grense og det er naudsynt med grunnundersøkingar.
Kulturverdiar/kulturminne	Det ligg ikkje føre informasjon om kulturverdiar eller kulturminne på staden.
Oppsummering:	Arealet er sentralt plassert med nærleik til fjorden dersom det er behov for transport via sjø. Adkomsten for lastebilar vil gå gjennom sentrum på Årdalstangen, som kan skape utfordringar med omsyn til publikum. Grunntilhøva må avklarast nærmare, og det kan vere naudsynt med sikringstiltak mot flaum/stormflo. Uheldig med plassering så tett opptil elv og fjord med omsyn til vassmiljø og rekreasjonsmoglegheiter i strandsona. Støy og omsynet til forureining er føresett ivareteke gjennom vidare planlegging og detaljprosjektering.

Konklusjon

Oppsummert har ein, etter ei totalvurdering, landa på «Finnsåstomta» som best eigna av dei ulike alternativa grunna følgjande moment:

1. **Tilgjengeleg areal:** Arealet er større enn dei andre alternativa og ligg tilgjengeleg frå hovudvegen (fv. 53).
2. **Fråvær av bygningsmassar/andre hindringar:** Mangelen på eksisterande bygningar eller hindringar på tomten gjev ein forenkla etableringsprosess og rom for fleksibilitet i utforminga av miljøstasjonen i forhold til dei andre alternativa.
3. **Transport:** Ein Unngår tungtransport gjennom tettstadene og får ein kortare kjøredistanse til hovudanlegget i Festingdalen - som gir fordeler for miljømessig, økonomisk og sosial berekraft.
4. **Energitilgang:** Gode forutsetnader for straumtilkobling.
5. **Trygghet i høve skred/flomfare:** Skred, - og flomkartlegging viser at området skal vere trygt for etablering av miljøstasjon.
6. **Fråvær av registrerte kvalitetar:** Ingen registrerte natur- og kulturkvalitetar eller forureining innanfor området.

Utfordringar med lokasjonen som skal ivaretaast gjennom vidare planlegging:

1. **Nærmiljøhensyn:** Mogelege utfordringar knytt til lukt/støy må takast omsyn til i den vidare planlegginga.
2. **Samfunnstryggleik/beredskap:** Tilgrensande verksemd, samferdselsanlegg og lokale forhold må takast i betraktning for å sikre samfunnstryggleik.
3. **Grunnundersøkingar:** Det må dokumenterast trygg grunn for etablering.
4. **Rørdimensjonar under veg:** Kapasiteten på rør under fylkesvegen må dokumenterast som tilstrekkeleg.
5. **Vatn og avløyp:** Tomta er ikkje tilknytt offentleg vassforsyning og avlaup.
6. **Estetiske omsyn:** Som ein del av innfallsporten til tettstaden krev området spesiell merksemd med tanke på landskaps/tettstadbilet